

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018

Geir Kjell Andersland, V, sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet meinar at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst på 30 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvrar eit tillegg på 15 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.»

Andersland trekte forslaget sitt.

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag på vegner av A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp og H:

Alternativ:

«Nytt punkt 2

Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak som omhandlar bompengetakst for nullutsleppskøyretøy på sambandet.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet støttar forslaget om at bompengetakstane for finansieringa av Austevollsbrua samsvarar med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper, unntake nullutsleppskøyretøy, når AutoPASS-regulativet vert teke i bruk.
2. Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak som omhandlar bompengetakst for nullutsleppskøyretøy på sambandet.